



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2021/830-16

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2021/57	10.06.2021	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
2021/61	15.06.2021	Formannskap
2021/59	24.06.2021	Kommunestyret

## Kommuneplanens arealdel for Skjåk kommune 2020-2030 - sluttbehandling.

### Vedlegg

- 1 KP Skjåk Planføresegner
- 2 Plankart\_Utsnitt\_Bismo\_A1
- 3 Plankart\_Utsnitt\_Ofossen-Aurmoen\_A1
- 4 Plankart\_Utsnitt\_Dønfoss\_A1
- 5 Plankart\_Utsnitt\_Breidablikk-Grotli-Nysæter\_A1
- 6 Plankart\_Hele kommunen\_Utan høgder\_A0

### Saksutgreiing

Sidan førre behandling i planutvalet 16.03.2021, har planforslaget vore lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det har kome inn 7 uttaler til det reviderte planforslaget. Hovudinnhaldet i desse er teke inn under, og kommentert av saksbehandlar.

#### **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF), brev. 15.04.2021:**

DMF viser til at dei gav fråsegn med fagleg råd til 1. gongs høyring 17.06.2020. Deira faglege råd omhandla å skilje BRU01-BRU08 i føresegn til planen, og at føresegna ikkje skulle omfatte krav om uttaksretning eller etappevis drift for uttak omfatta av minerallova. DMF viste til at uttaksretning, etappevis drift, sikring og avslutning av masseuttaket blir regulert gjennom driftskonsesjon med eventuelle vilkår sett av DMF. DMF er nøgd med at deira råd er tatt inn i nytt planforslag, og har ikkje ytterlegare merknad til nye områder som er foreslått til andre gongs høyring eller til reviderte føresegner.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

Teke til etterretning.

### **Dønfoss Drift AS og Dønfoss Eigedom AS, e-post 27.04.2021:**

Eigarane Frode Aaboen og Charlotta Ericsson viser til at kommunen gjennom fleire år har hatt ein uttalt strategi om satsing på reiseliv. Dei meiner Dønfoss er eit godt eksempel på at private aktørar har sett Skjåk på kartet med ein storstilt satsing på reiseliv. Dei viser til at Dønfoss camping har hatt stor vekst dei siste åra, og er ein av dei største aktørane i Skjåk med ca. 30.000 gjestedøgn. Aaboen/Ericsson skriv at kvaliteten på og rundt området, har gjort at campingplassen er kåra til årets finaste fleire gongar. Dei viser til at for å kome dit dei er i dag, har investert store summer og lagt ned mykje arbeid gjennom åra. Aaboen/Ericsson skriv at dei har investert i overkant av 6 millionar kroner for å heve standarden ytterlegare før 2021-sesongen. Dei har eit bestemt inntrykk av at aktiviteten på Dønfoss gir store ringverknadar for Skjåkbygda både økonomisk og for omdømmet. Aaboen/Ericsson skriv at det derfor er med stor undring og frustrasjon at dei registrerer at det no er politisk vilje for å etablere eit industriområde midt i eit vedteke satsingsområde for turisme og eit av dei viktigaste sentra for turisme i bygda. Dei viser til at Dønfoss camping har ambisjonar om å fortsette veksten og investeringane i området i åra framover, og at tilgangen på areal for vidare utvikling da er ein vesentleg faktor. Aaboen/Ericsson viser til at det området som no er føreslege som industriområde, er eit naturleg og snart det einaste mogelege arealet i samband med framtidig utviding av campingplassen. Dei skriv at grunnen til at dei ikkje har spelt inn dette arealbehovet tidlegare, er at dei har hatt forståing for at tippområdet var freda for utbygging.

Aaboen/Ericsson skriv at dei registrerer at formannskapet går inn for alternativ a) i utbyggingsområde BN03. Aaboen/Ericsson meiner det som er av aktivitetar i nærområdet bør bevarast, og ikkje minst meiner det gjeld det som finnst av tilbod til handikappa og barn. Dei skriv at området har viktige natur- og aktivitetsverdiar for deira gjester og lokalbefolkninga. Aaboen/Ericsson skriv meiner området heller ikkje eignar seg som industriområde verken når det gjeld lokalisering geografisk og eller visuelt. Dei viser til at bygg vil bli synleg frå eit stort område. Aaboen/Ericsson skriv at det vel er opplagt at blanding av industri og reiselivsformål, ikkje er eit lærebokseksempel på destinasjonsutvikling.

Aaboen/Ericsson etterlyser også openheit frå kommunen om eventuelle konkrete planar for etablering av industri/næringsverksemd i området.

### *Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Område BN03 og BN04 er avsett med arealbruksformål "Næringsbyggnad – framtidig". I konsekvensutgreiinga er det spesielt vist til trong for industriformål. Men arealformålet næringsbyggnad opnar også for anna verksemd som kanskje kan vere like aktuelt for området. Definisjonen av næringsbyggnad i planvegleiar frå departementet, seier at næringsbyggnad omfattar industri-, handverks- og lagerverksemd og næringsverksemd elles som ikkje er definert under anna formål. Næringsbyggnad omfattar da ikkje verksemd/byggnad der forretning er hovudformålet (areal og bygningar for detaljhandel) - heller ikkje verksemd der tenesteyting er hovudformålet (helseinstitusjonar, sjukehus, undervisningsinstitusjonar, barnehage, administrasjon, konsulentverksemd kulturformidling m.m.). Da kommunen ser at det kan vere ei utfordring å etablere alle typar næringsverksemd i eit område nær turistverksemd, er det teke inn eit punkt i planføresegnene kap. 3.8 som seier at det i område BN03 og BN04, berre kan etablerast næringsverksemd (letteare industri, verkstad, lager) som gjev lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden.*

Aaboen/Ericsson peikar på at dei etter kvart kan ha trong for meir areal. Dønfoss camping disponerer i dag 126,3 dekar som er omfatta av reguleringsplan frå 2016 og som er avlagt med som "Fritids og turistformål" i kommuneplanen. I reguleringsplan for Dønfoss frå 2009, er det regulert inn eit område byggeområde for campinghytter FB1 på sørsida av Ottaelva rett ovafor Dønfoss Camping. Arealet er på om lag 13,3 dekar og ligg på allmenningsgrunn. I føresegnene står det om FB1: "Innafor området kan det først opp campinghytter tilknytta Dønfoss camping". I kommuneplanen er dette arealet avsett som "Fritids og turistformål". Inntil dette området i aust er det i reguleringsplanen lagt inn eit område for vassforsyningsanlegg (SP5). Vassforsyninga vil skje frå borebrunn i fjell, og det skal fastsettast sikringssoner for å sikre førekomsten mot forureining. Når det gjeld anna areal i nærområde til Dønfoss camping, er det avsett areal for bygging av fritidsbustadar i oppfor fylkesvegen aust for BN03, Arealet kom inn ved revisjon av kommuneplanen i 2011 og ligg på begge sider av traseen for ny tilkomstveg til BN03 og BN04 i det nye planforslaget. Arealet ligg på allmenningsgrunn, og omfattar til saman om lag 51,9 dekar. Det ligg også eit område med LNFR på motsett side av fylkesvegen nedfor massedeponiet på 23,0 dekar. For dei to siste areala, må det til ein planrevisjon for eventuelt gjere dei tilgjengeleg for utviding av verksemda til campinga, i tillegg til at det må til avtalar med grunneigar.

Som Aaboen/Ericsson viser til, gjorde formannskapet gjorde 16.03.21 vedtak om utlegging av alternativ a for utbyggingsområde BN03 til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn, dvs. alternativet der eksisterande 3D-bane for bågskyting er inkludert i areal disponert for næringsformål. Det er vanskeleg å sjå at arealet det er snakk om skal vere ueigna for etablering av næringsformål. Ein vil også tru at den avgrensinga i forhold til type næringsverksemd som er teke inn i reguleringsføresegnas kap. 3.8 som nemnt ovafor, vil bidra til å redusere eventuelle konflikhtar i forhold til reiselivet i området.

### **Jordvernalliansen i Innlandet, e-post 03.05.2021.**

Jordvernalliansen i Innlandet viser også til sitt høyringsbrev frå første runde.

Jordvernalliansen skriv at dei ser av revidert høyringsutkast at kommunen framleis foreslår å omdisponere 95 dekar dyrka mark. Dei meiner dette er et høgt tall, og vi ber om at det tas opp til ny vurdering.

Jordvernalliansen skriv at når det gjeld bustadformål, ser dei at kommunen har lagt inn rekkefølgjekrav for Huldrehaugen bustadfelt, og at dette er i tråd med forslag frå Jordvernalliansen i Innlandet. Dei vil likevel framleis peike på at kommunen frå før har allereie planavklarte bustadtomter for lang tid framover. Jordvernalliansen skriv at det er uheldig at kommunar i sin samfunnsdel legger opp til en folketalsvekst som ligg langt over det som er pårekneleg, for deretter å følge opp med arealplan som skal sikre en slik vekst. Dei visar til at sidan Huldrehaugen kom inn i arealplanen første gang, har Stortinget som kjent vedtatt eit skjerpa nasjonalt jordvern mål. Jordvernalliansen skriv at ein nasjonal jordvernstrategi er verknadslaus dersom den ikkje blir følgt opp av kommunane. Dei meiner det vil være riktig av Skjåk å ta Huldrehaugen ut av planen, eller eventuelt innskrenke området, og på den måten vise at en tar jordvernet på alvor.

Jordvernalliansen skriv at når det gjeld vegformål, minner dei om det dei skreiv i førre høyringsbrev. Her skrev dei mellom anna at dei stiller seg positiv til tiltak som aukar trafikktryggleiken og gir betre forhold for gåande og syklande, og at utbygging av gang- og sykkelveg langs trafikkfarlege strekningar bør fortsette. Jordvernalliansen skriv at dei er kritiske til gjeldande vegnormal for gang- og sykkelveg, som inneber eit unødig stort forbruk av jordbruksareal der vegen går over dyrka mark. Ifølge Statens Vegvesen sine normer skal gang- og sykkelvegen skiljast frå køyrevegen med ei tre meter brei grøft. Dei skriv at ei slik utforming kan være akseptabel i skog eller gjennom uproduktive områder. Over dyrka mark bør gang- og sykkelvegen bli trekt inn mot køyrevegen og bli skilt frå

denne med autovern. Dette er vanleg når vegen føres nær bygnad, og er uproblematisk i forhold til sikring av gåande og syklande.

Jordvernalliansen skriv at 45 dekar matjord tapt til gang- og sykkelveg i Skjåk er et altfor høgt tall. Med smart planlegging og bygging trur jordvernalliansen at arealet kan bli redusert betrakteleg.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*I føresegnenes kap. 3.1, pkt. d er det teke inn at område BB02 ikkje kan byggjast ut før 50 bustadtomter som er utlagt i reguleringsplan for Skei er utbygde eller selde, det vil seie 85 % av tomtene her. Når ein tek med at dei bustadtomtene som er ledige i Skei i hovudsak er eigna for bygging av einbustadar og dels har dårleg byggegrunn, meiner kommunen det vil vere forsvarleg å starte opp utbygging av fleirmannsbustader i Huldrehaugen i form av ei stegvis utbygging, og etter gjennomføring av ein reguleringsprosess som også skal omfatte ny skredkartlegging og gjennomføring av eventuelle sikringstiltak.*

*Når det gjeld forslaga og arealforbruk ved bygging av gang- og sykkelveg, viser ein til kommentarane gjeve til jordvernalliansens uttale i samband med første høyring. Forslaget omfattar strekningar langs riksveg der Statens Vegvesen er vegeigar og utbygger, og langs fylkesveg der Innlandet fylkeskommune er vegeigar og utbygger. Kommunen kan ha forståing for at bruk av vegnormalane og fokus på økonomi ofte førar til høgt forbruk av areal, noko som da spesielt vil vere uheldig der det går ut over dyrka mark. Det er opp til vegeigar/utbygger å legge fram forslag til reguleringsplan og løysingar for utbygging av gang- og sykkelveg, medan kommunen behandlar desse forslaga. Det har vore ein offentleg diskusjon i forhold til arealbruk i forhold til vegnormalane ved fleire utbyggingsprosjekt i det siste, slik at argumentasjonen til jordvernalliansen også er kjent for Statens Vegvesen og fylka. Arealforbruket når det gjeld bygging av gang- og sykkelveg, blir ikkje avgjorde i kommuneplanens arealdel, slik at jordvernalliansen vil ha moglegheit til også å spille inn slike argument ved utarbeiding av reguleringsplanar for prosjekta.*

#### **NVE, brev 05.05.2021**

NVE skriv at dei fremma motsegn i saka i brev dagsett 16.06.2020. Etter dette har det vore fleire kontaktpunkt mot kommunen for å gje attendemelding om dei siste og mest oppdaterte karta knytt til FOU-prosjektet NVE har i Skjåk og Skjølle. NVE skriv at dei ikkje lenger har motsegn til planen, slik kommuneplanen nå er lagt fram.

NVE skriv at kommunen i nytt planforslag har lagt inn dei siste data som vi har tilgjengeleg knytt til både Skjølle, Otta og Tundre/Ostri. Dei skriv at dei også hadde ein del faglege merknadar knytt til damanlegg, BRU01 (massetaksområde) og BN06, BN07 og BN08 (næringsområde).

NVE skriv at Skjåk kommune ifølge dei sjølv (høyringsdokument dagsett 23.03.2021) har gjort fylgjande endringar i dei punkta NVE hadde motsegn til:

- Kommunen tek til etterretning at NVE har motsegn til BB02 (Huldrehaugen). Dersom BB02 skal vere med i planen, vil kommunen imøtekomme NVE si motsegn, ved å ta krav om ny skredkartlegging inn i planføresegna om byggeområde Huldrehaugen BB02 (Kap. 3.1 punkt d).
- Kommunen tek til etterretning det NVE skriv om flaumfare og tryggleikskrav for ulike typar av bygnad på Bismo.
- Kommunen vil leggje inn faresoner for flaum langs Skjølle slik at dei viser maksimal utbreiing av flaumen i 2018 slik NVE krev. Dette vil bli vist på revidert plankart som blir lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn.

- Område BN01 som var vurdert i KU, vart teke ut av planforslaget før 1. gongs offentleg ettersyn og høyring og skal ikkje vere med i planen. Kommunen har teke område BN02 ut av planforslaget
- Kommunen vil justere og utvide uttaksområde BRU01 for massetak i Skjøle opp til elvesving i samsvar med NVE si uttale i revidert planforslag som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.
- Kommunen tek ut område BRU02 for masseuttak ved Skjøle sitt utlaup med grunnlag i NVE si motsegn. I det reviderte planforslaget vert det lagt inn eit nytt uttak lenger opp i Skjøle der elva kjem ut av gjelet, slik som NVE skriv i si uttale. Det nye uttaksområdet er namna BRU10.
- Kommunen tek ut område for masseuttak BRU03 og BRU04 i Otta og BRU06 i Ostri med grunnlag i NVE si motsegner.
- For næringsområda BN06 og BN07 på Tundramoen, meiner NVE t ein bør trekke arealformålet lenger bort frå det verna vassdraget Tundre for å hindre konflikt med verneformålet. Kommune meiner at avstanden til vassdraget på 130 m må vere tilstrekkeleg også for det nye området. I det reviderte planforslaget er næringsområde BN07, justert slik at det blir liggande i same avstand frå vassdraget som for det tidlegare regulerede området på motsett side av Tundramovegen. Arealet av BN07 vert da redusert med 0,9 dekar. NVE har ikkje lenger merknadar til dette.
- Når det gjeld arealbruken i det som er føreslege som område BN03 og BN04 ved Øyberget for damanlegg og andre område i tilknytning til kraftanlegg, vil dei bli endra i samsvar med uttala til NVE.
- Det er ikkje lagd nokon eigen ny vurdering i forhold til det reviderte planforslaget og dei nye tiltaka som er lagt inn i planen. Områda dette gjelder er utbyggingsareal for fritids- og turistformål på Søre- Heggebotn og Heggeli, steinbrot ved Storlivegen vest for Sotligrovi og skytebaneanlegg for leirdueskyting i Framruste. Det er satt krav til utarbeiding av reguleringsplan for alle 3 tiltaka.

NVE konkluderer med følgjande: " Kommunen har jobba seg bra igjennom dei mange merknadane til planen ved 1. gongs offentleg høyring. Grunnlaget for innsigelsen NVE hadde ved 1. gongs offentleg høyring er ikkje lenger til stades. NVE har ikkje lenger nokon vesentlege merknader til planen slik den er lagt fram, og vi har derfor ikkje lenger motsegn til planen."

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Kommunen har gjort dei endringa av planen som er omtalt i NVE si uttale, og tek til etterretning at NVE ikkje lenger har motsegn til planen.*

### **Statens Vegvesen, brev 11.05.2021.**

Statens vegvesen viser til at deira rolle i saka er som forvaltar av riksveg og som statleg sektormyndigheit innan vegtransport.

Statens vegvesen viser til at dei hadde innspel til fleire av planen sine føresegner. Det var innspel knytt til Veglovas føresegner om avkøyrslar og byggegrensar, kor det no er vist til vedtak av 11.12.2012 frå Oppland fylkeskommune.

Statens vegvesen viser til at deira innspel om at det må krevjast trafikksikker tilkomst til fritidsbustader som ved bruksendring blir bustadhus er i vareteke, og at det ved bruksendring må søkjast om endra bruk av avkøyrslar.

Statens vegvesen skriv at deira føresetnad om at avkøyrslar til dei nye hytteområde BF01, BF02 og BF03 blir lagt til eksisterande avkøyrslar til rv. 15, derimot ikkje er teke inn i føresegnene. Dei ber om

at kommunen legg inn krav til at hytteområde må nytte eksisterande avkøyrslar til rv. 15. Statens vegvesen skriv at dei ikkje vil ikkje gi løyve til å opprette nye avkøyrslar på strekninga.

Statens vegvesen viste til at når det gjeld føresegnene om skilting og reklame, må det søkjast vegstyresmaktene om løyve etter Veglova. I føresegnene er det vist til Statens vegvesen i standen for vegstyresmaktene. Dei ber om at dette blir endra til vegstyresmaktene då Statens vegvesen er vegstyresmakt for riksveg og handsamar søknader knytt til riksveg, medan fylkeskommunen er vegstyresmakt for- og handsamar søknader knytt til fylkesveg.

Statens vegvesen har ikkje merknader til det nye område BFT01 - Søre-Heggebotn og Heggli, som er lagt ut ved 2. gongs høyring. Dei registrerer at det er stilt krav til reguleringsplan for nytt utbyggingsareal for fritids- og turistformål på Søre-Heggebotn og Heggeli, BFT01, og er nøgd med det. Gjennom ein reguleringsprosess vil det bli kravd vurderingar av mellom anna trafikksituasjon og trafikktryggleik for rv. 15 på staden.

Når det gjeld det nye område BRU09 – Steintak ved Storlivegen vest for Sotilgrovi, viser Statens vegvesen til at det blir kravd utarbeiding av reguleringsplan for området. Statens vegvesen ser at utgreiing av trafikkavvikling blir del av planprosessen, og skriv at dette må òg gjelde tilkomst til rv. 15.

For dei to andre nye områda, Skytebaneanlegg for leirdueskyting i Framruste og ny tilkomstveg til næringsområde BN03, har ikkje Statens vegvesen nokon merknader til forslaga.

#### *Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Når det gjeld avkøyrslar til dei nye hytteområda har ein meint at desse skulle måtte nytte eksisterande avkøyrslar til RV15, slik at det vil vere tenleg at dette blir presisert i planføresegnene slik Statens Vegvesen skriv i si uttale. Ein vil foreslå slik tekst som nytt pkt. g i kap. 3.2: "Ved regulering og utbygging av BF01, BF02 og BF03, skal vegtilkomst skje til eksisterande avkøyrslar til RV15". Da Statsforvaltaren framleis har motsegn knytt til hytteområda ved 2. gongs høyring, er det usikkert om alle tre områda blir med i det endelege planforslaget som blir lagt fram for vedtak i kommunestyret. Føresegna blir ifall endra i forhold til dette.*

*I kap. 10 i føresegnene som gjeld skilt og reklame, blir teksten endra til vegstyresmaktene i samsvar med merknaden over.*

*Når det gjeld merknaden om massetaket BRU09, var det til slutt i føresegnene kap. 37 som var send til 2. gongs- offentleg høyring og ettersyn teke inn følgjande tekst: "Forhold omkring trafikkavvikling skal utgreiast nærare ved detaljregulering for område for råstoffutvinning." Denne retningslina gjeld da også BRU09.*

#### **Erik Kollerud, e-post 14.05.2021.**

Kollerud viser til at deira tidlegare innspel om å innarbeide fritids- og turistformål på garden deira Heggli ved Heggebotvatnet, delvis er teke til følge. Han skriv at det set stor pris på det, sjølv om det no er avgrensa til deira eigedom, og ikkje eit større areal som dei opphavleg foreslo. Området har i høyringsutkastet fått namnet BFT 01.

Kollerud viser til at arealet sør for Rv 15, som tilhøyrar deira eigedom, ikkje er inkludert i område BFT01. Dei skriv at kommunen er kjent med, og som er omtalt i tidlegare byggesøknader, at dei ønskjer å utnytte også dette arealet til turistverksemd, ved i fyrste omgang etablering av plassar for bubil og campingvogn. Kollerud skriv at dei no har no sett i gang arbeidet med reguleringsplan for området, etter innspel frå Statens Vegvesen, og avkøyrslar til dette området er eitt av fleire tema som vil bli utgreia i denne planen.

Kollerud skriv at dei ser i ROS-analysen som er vedlagt høyringsutkastet, at dette arealet er merka med flaumfare i kartgrunnlaget. Men som høyringsutkastet også påpeiker, er Heggebottvatnet regulert, slik at ein har ein viss kontroll med vassmengdene. Kollerud skriv vidare at ein flaum vil kome forholdsvis sakte, slik at ein har tid til å evakuere til dømes bubilar frå området. Kollerud ber på deira vegne om at kommunen i revidert forslag til kommuneplan arbeidar inn også området sør for Rv15 i området som no vert kalla BFT 01.

Kollerud skriv at dei i tillegg til dette, ønskjer dei også ei justering/utviding av område BFT 01 i nordaustleg del av eigedommen vår – der er vi i dialog med Skjåk Almenning om eit makebytte, slik at eigedommen vår truleg vert noko auka i storleik, og får nye grenser opp til eksisterande kraftline. Kollerud viser til mellom anna til kartutsnitt som er teke inn under, med omtrentlege nye grenser for dette arealet markert med blått.



Kartskisse frå Erik Kollerud 14.05.2021.

#### *Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Området som Kollerud viser til er sør for RV15 er regulert som friluftsområde i Reguleringsplan for Heggebottvatn (planid 05130018) som vart godkjend 25.04.2002. Da også arealet er omfatta av faresoner for flaum, må det til utgreiingar for å frigi arealet for utbygging. Skal ein endre dette og legge ut arealet som utbyggingsareal i kommuneplanen, vil det pålegge kommunen å gjere flaumutgreiing av arealet. Eigarane har i samband med byggesøknader og søknad om avkøyrse til RV15, varsla at dei vil starte privat reguleringsplanlegging for å få gjennomført utbyggingstiltak på eigedomen. Eventuell omregulering og utgreiing av flaumfaren av arealet ved vatnet, kan da gjerast i den prosessen. Arealet er også omfatta av gul støysone langs RV15, som også krev vurderingar, evt. utgreiing.*

*Utviding av arealet med areal frå Skjåk Almenning, ser for så vidt greitt ut for kommunen, men kjem for seint i planprosessen. Endring av arealformål frå LNFR til byggeformål for dette arealet, vil formelt krevje at kommuneplanen må leggast ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Utviding av arealet kan bli teke opp i det varsla reguleringsplanarbeidet.*

**Statsforvaltaren i Innlandet, brev. 18.05.2021.**

Statsforvaltaren visar til at det ved andre gongs høyring er gjort endringar i planen både ved at føreslegne arealformål er endra tilbake til LNFR-formål eller til andre formål, arealomfang er endra, det er gjort endringar i planføresegnene og det er også blitt lagt inn forslag om ny arealbruk for seks område. Statsforvaltaren kommenterer først det kommunen har gjort på dei områda statsforvaltaren fremma motsegn til planforslaget.

Motsegn ved 1. gongs høyring til manglande avgrensing av sentrumsformål i Bismo.

Statsforvaltaren hadde motsegn til manglande avgrensing av sentrumsføremål Bismo, av omsyn til oppfølging av regional plan for attraktive byer og tettstadar i Oppland. Statsforvaltaren skriv at dersom kommunen vedtek kommuneplanen med slik avgrensing som vist i planforslaget og i "Notat etter 1. gongs offentleg ettersyn og høyring", har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn på dette punktet.

*Kommentar frå saksbehandlar:*

*Ein tek til etterretning at Statsforvaltaren ikkje lenger har motsegn til planen på dette punktet.*

Motsegn ved 1. gongs høyring til manglande krav om arealutnytting BB01 - Blåbærmye.

Statsforvaltaren hadde motsegn til manglande krav om arealutnytting for BB01 Blåbærmyre av samordna bustad-, areal- og transportomsyn. Statsforvaltaren sa at motsegna kunne bli imøtekomen med krav om min. 2 bueiningar pr. daa, men tilrådde eit krav om enda høgare utnytting for eksempel 3 bueiningar pr. daa. Statsforvaltaren viser til at det i planføresegnene pkt. 3.1 er teke inn krav om minimum 2 bustadar pr. daa av totalarealet, og med ei slik føring har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn på dette punktet.

*Kommentar frå saksbehandlar:*

*Ein tek til etterretning at Statsforvaltaren ikkje lenger har motsegn til planen på dette punktet.*

Motsegn ved 1. gongs høyring til manglande krav om arealutnytting BB02 - Huldrehaugen.

Statsforvaltaren hadde motsegn til manglande krav om arealutnytting for BB02 Huldrehaugen av jordvernomsyn og samordna bustad-, areal- og transportomsyn. Han viser til at kommunen i planføresegnene pkt. 3.1 d) har teke inn krav om utnyttingsgrad på minimum 2,5 bustader pr daa av totalarealet avsett i kommuneplanen/minimum 3 bustader pr. dekar av regulert bustadareal i reguleringsplanen. Han visar til at arealet også er noko redusert ved at 2,2 daa av byggeområdet for bustader kring bygnaden på gardstunet på Berger er lagt ut til LNFR-formål. Det er og tatt inn krav om at 80 % av bustadtomtene på Skei skal vere utbygde eller selde før BB02 kan byggast ut. Vidare skal utbygginga skje gradvis på ein slik måte at areal som ikkje blir utbygd framleis kan driftast som dyrka mark på ein tenleg måte. Statsforvaltaren meiner, under noko tvil, at dette er tilstrekkeleg til at motsegna er imøtekomme. Statsforvaltaren vil samstundes tilrå at ein ved regulering søker ein betre arealutnytting enn minimumskravet.

*Kommentar frå saksbehandlar:*

*Ein tek til etterretning at Statsforvaltaren ikkje lenger har motsegn til planen på dette punktet.*

Motsegn ved 1. gongs høyring til manglande utgreiing og avbøtande tiltak knytt til hytteområde BF01, BF02 og BF03.

Statsforvaltaren hadde motsegn til manglande utgreiing og avbøtande tiltak knytt til BF01 og BF02 Måsåbakken og BF03 Grotli, av villreinomsyn. Statsforvaltaren viser til motsegna og dei merknadar han hadde ved 1. gongs høyring. Han viser også til uttala Statsforvaltaren har gjeve ved oppstart av reguleringsendring for Breidablikk hytteområde for oppgradering av standard med innlegging av vatn



og avlaup. Statsforvaltaren minner om at det ut frå erfaring er ein samanheng mellom standarden på hytter og bruken av dei. Auka bruk av hyttene legg grunnlag for auka ferdsel inn i bl.a. tilgrensande leveområde for villreinen. Statsforvaltaren skriv at han vil vurdere endringa på Breidablikk i samanheng med ønsket om vidare hyttebygging på Grotli og Måsåbakkan (F01, F02 og F03).

Statsforvaltaren viser til at Skjåk kommune, ved felles plankontor, har gått gjennom innkomne merknader og motsegner i «Notat etter 1. gongs offentleg ettersyn og høyring». Her er det m.a. gjennomført ei meir omfattande vurdering av villreinen sin arealbruk og eksisterande tilrettelegging med konfliktpotensiale. I tillegg gjennomgår notatet kva kanalisierende tiltak kommunen i samarbeid med andre aktørar no legg til rette for. Statsforvaltaren viser til at eit viktig tiltak er m.a. ein samanhengande tur- og sykkelvegtrase gjennom Breidalen mellom Dønfoss og Uppnose, der i det minste delar av traseen skal kunne nyttast som skiløype. Kommunens gjennomgang i nemnde notat er solid og oppfyller deira forventning om ei grundigare vurdering av samla konsekvens og kva avbøtande eller kanalisierende tiltak som kan vere aktuelle. Utgreiinga er gjennomført med god fagleg innsikt. Statsforvaltaren viser til dei generelle retningslinene til Regional plan for Ottadalsområdet, kap. 5.1 e. Her er kravet om vurdering av planar og tiltak etter prinsippa om saksbehandling etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova tydeleggjort. Heilt sentralt her er kravet til kunnskapsgrunnlag, jf. § 8. Dette var også grunnlaget for motsegna. Med kommunens utgreiing har Statsforvaltaren ikkje lenger motsegn til planen på dette grunnlaget.

Statsforvaltaren skriv at kunnskapsgrunnlaget om villreinen sin status og kva som påverkar den (no) dermed er gjort godt greie for. Kommunen viser også til at kunnskapsgrunnlaget om villreinen i Reinheimen og Breheimen er god. Statsforvaltaren er i hovudsak samd i det. Grunnlaget er NINA-rapportar og temakart, m.a. som grunnlag for utarbeiding av den regionale planen. I tillegg kjem ikkje minst den kunnskapen som villreinutvalet sjølv står for gjennom registrering og overvaking.

Statsforvaltaren skriv at det neste spørsmålet då er kva konsekvens dei konkrete utbyggingsplanane kan ha for villreinen i området. Dette er ikkje like enkelt å svare på. Utfordringane med kunnskapsgrunnlaget er oftast ikkje knytt til førekomst og bestandssituasjon, men til konsekvensane av eit tiltak («... effekten av påvirkningar.») - jf. § 8 i naturmangfaldlova. Statsforvaltaren viser til at i arealforvaltninga inn mot villreinens leveområde, er dette ofte kjerneproblemet.

Statsforvaltaren viser til at regional plan for Ottadalsområdet har ei utfordrande soneavgrensing i Grotli-området. Det er lagt ei smal sone med fjell- og fjordbygder her, utan restriksjonar på utvikling av hytte- og reiseliv. Samstundes grensar denne sona inn til nasjonalt villreinområde, som ligg delvis svært nær. Statsforvaltaren skriv at nærleiken til nasjonalt villreinområde, gjer at ein må vurdere kvar einskild etablering for seg. I den samanheng legg difor Statsforvaltaren altså avgjerande vekt på dei felles retningslinene i kap. 5.1, underkapittel «Planlegging og sakshandsaming, vidare kommunal planlegging». Her er det i pkt. e ei tydeleg presisering av at ein før vedtak av planar og tiltak må gjere ei vurdering av naturmangfaldlova sine prinsipp for sakshandsaming og berekraftig bruk, jf. §§ 8-12, av tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.

Statsforvaltaren viser til NINA-rapport 227 (2007) som samanfattar grunnleggjande kunnskap om villreinen i Ottadalsområdet. Statsforvaltaren peikar på at sjølv om villreinen i området i stor grad har opphav i såkalla tam eller domestisert rein, og i dag har forholdsvis kort fluktavstand for folk, er det viktig å arbeide ut frå eit føre-var prinsipp om å sikre leveområda til villreinen på lang sikt. Statsforvaltaren skriv at NINA-rapporten peiker elles på at villreinområdet Reinheimen-Breheimen inkluderer unike, urørte og ikkje minst store fjellområde med betydeleg variasjon, i ein gradient frå

fjord til fjell. Samla sett utgjer dette eit godt og viktig leveområde for villrein. Statsforvaltaren viser til at villreinområdet i 2014 endra namn til Reinheimen-Breheimen, og at området består av to klart skilde delområde nord og sør for Ottadalen, Reinheimen i nord og Breheimen i sør. Nordområdet strekkjer seg langt austover, mot Vågå og delvis Dovre. Statsforvaltaren peikar på at di lenger aust ein kjem vil det ut frå ein nedbørsgradient aust-vest bli stadig tørrare klima og betre tilgang på lav og difor betre vinterbeite.

Statsforvaltaren peikar på at villreinen sitt leveområde, slik det er definert i den regionale planen, i stor grad er samanfallande med Reinheimen og Breheimen nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Statsforvaltaren peikar på at sjølv om store delar av leveområda omfattast av vern, er villreinen likevel ikkje beskytta mot forstyrring frå m.a. ferdsel. Statsforvaltaren peikar på at utveksling mellom dei to delstammene, berre kan skje i den høgareliggjande fjelldalen vest og aust for Grotli. Det sentrale trekkområdet ligg i dag på høgfjellet i Breiddalen, mellom Breiddalsvatnet i aust og austre tunnelinnslag på Oppljostunnelen. Statsforvaltaren viser til at hytteområdet Breidablikk, der det er søkt om standardheving, ligg rett aust for denne nokså breie trekk-korridoren.

Hovudutfordringa knytt til villrein i kommuneplanrevisjonen, slik Statsforvaltaren vurderer det, er å sikre trekket mellom nord- og sørområdet ved Grotli. NINA-rapport 227 er tydeleg på at dei moglege og naturlege strekningane der utveksling mellom nord og sør kan skje skrumpar inn. Alle inngrep mellom Billingen (6 km aust for BF01/BF02) og Langvatnet (austre tunnelinnslag), er uønskt dersom ein skal oppretthalde dette trekket. Statsforvaltaren peikar i tillegg på at områda både nord for og særleg sør for rv. 15/Grotli, er det sentrale vårbeiteområde og kalvingsområde for villreinen. Statsforvaltaren viser også til at omfanget av toppturar ut frå Grotli-området har auka. Desse går både mot nord, men særleg mot sør til området rundt Skridulaupen. Statsforvaltaren peikar på at det både nord og sør for Grotli-området, ligg viktige kalvingsområde.

Statsforvaltaren viser til at det i NINA-rapport 227, er ei referanse til ein rapport frå Skjåk frå 2006, sannsynlegvis til revisjon av kommuneplanen. I nemnde rapport konkluderer Skjåk kommune m.a. slik: «Med bakgrunn i villreinen i vestområdet er det ei stor utfordring korleis ein skal klare å leggje til rette for næringsutvikling utan å redusere reinen sin arealbruk. ...» Vidare peikar kommunen i rapporten på ønsket om ei forsiktig utvikling i Grotli-området samstundes som ein kanalisere ferdsel og elles gjer tiltak som reduserer konflikt. Statsforvaltaren støttar denne vurderinga og anerkjenner samstundes vilje til aktiv tilrettelegging frå kommunens side. Statsforvaltaren skriv at kommunens nivå og ambisjon for utvikling av Grotli er relativt sett nokså moderat.

Statsforvaltaren meiner det ikkje er usannsynleg at utbygging av område BF01, BF02 og BF03 vil leggje til rette for ytterlegare forstyrring og barriereeffekt for villreinen i Reinheimen og Breheimen. Han visar til at så lenge ikkje vedtatt regional plan i praksis sett nokon grense for vidare utbygging i Grotli-området, må kvart tiltak vurderast etter felles retningslinjer i kap 5.1, pkt. e. Dvs. ei vurdering etter naturmangfaldlova sine prinsipp, §§ 8-12. Statsforvaltaren legg i denne vurderinga også vekt på den varsla oppgraderinga av standard for hytter ved Breiddalsvatnet (Breidablikk hytteområde) som har ytterlegare potensiale for å forsterke slik negativ utvikling.

Med heimel i føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, og usikkerheit om kva verknad omtalt samla utbygging vil ha for naturmangfaldet her (dvs. villreinstamma) på sikt, fremjar Statsforvaltaren motsegn til områda BF01, BF02 og BF03. Dette må også vurderast saman med § 8 i same lov, om kravet til kunnskapsgrunnlag og effekten av påverknader. I større utbyggingssaker nær villreinens

leveområde er slike effektar ofte vanskeleg å føreseie. Bruk av føre-var-prinsippet i § 9 er dermed relevant i slike saker.

Statsforvaltaren skriv at dei er tydelege på at den samla utbygginga og det samla presset på villreinen i Grotli-området må reduserast vesentleg i høve til det som ligg inne i kommuneplanen. Dette kan skje gjennom reduksjon i utbyggingsplanar i kommuneplanen, oppretthalde Breidablikk hytteområde med låg standard og/eller ytterlegare og bindande tiltak for redusert ferdsel inn i sårbare villreinområde i kritiske periodar. Statsforvaltaren vil ikkje detaljere ei løysning ut over dei rammene som er sett over, men ønsker ein vidare dialog om moglege løysingar frå kommunen.

Statsforvaltaren skriv at motsegna må også sjåast i samanheng med Innlandet og Statsforvaltaren sitt klare ansvar for villrein. 6 av 10 nasjonale villreinregionar ligg heilt eller delvis i Innlandet. IUCN sette i 2016 villreinen på den globale raudlista for truge arter, som følgje av ein tilbakegang på om lag 40 % dei føregåande 25 åra. I tillegg til mindre førekomstar i det vestlege Russland, er Noreg det einaste europeiske landet med opphavleg, vill fjellrein. Noreg har gjennom internasjonale avtaler forplikta seg til å ta vare på villreinen (Konvensjonen om biologisk mangfald og Bernkonvensjonen).

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Med dei endringar som kommunen har gjort av planforslaget etter første høyringsrunda og dei uttalene som kom inn i den andre høyringsrunda, står det att ei motsegn mot planforslaget. Statsforvaltaren opprettheld motsegna mot hytteområda BF01 og BF02 ved Måsåbakkan og BF03 ved Grotli. Det er den planlagde utbygginga samla og den mogelege negativ påverknaden på villreinen dette vil kunne gi, som er grunnlaget for motsegna. Statsforvaltaren skriv at det samla presset mot villreinen i Grotli-området må reduserast vesentleg i høve til det som ligg inne i kommuneplanforslaget. Statsforvaltaren skriv at dette kan skje gjennom reduksjon i utbyggingsplanar i kommuneplanen, oppretthalde Breidablikk hytteområde med låg standard og/eller ytterlegare og bindande tiltak for redusert ferdsel inn i sårbare villreinområde i kritiske periodar.*

*Motsegna gjer at kommunestyret ikkje kan gjere vedtak av planforslaget slik det ligg føre. Om kommunen står sterkt på å oppretthalde hytteområda BF01, BF02 og BF03 som del av planen, står ein framfor ein prosess med mekling som evt. til i siste instans kan ende opp med avgjerd i departementet.*

*Ordninga med mekling i saker der de ligg før motsegn er lovfesta i plan- og bygningslova § 5-6. Meklinga tar sikte på at plankonfliktar kan bli løyst i en vidare prosess mellom kommunen og vedkommande organ. Meklinga skal gjennomførast av Statsforvaltaren, med nødvendig planfagleg bistand frå fylkeskommunen, det sjølv om det er Statsforvaltaren som har reist motsegn. Målet med meklinga er å komme til einigheit og finne ei løysing i saka. Retningslinene frå departementet tilseier at meklinga som hovudregel bør skje så tidleg i planprosessen at det er mogeleg å finne løysingar før kommunestyret vedtar planen. Omsynet til oppgåve- og rollefordeling mellom Statsforvaltaren som statleg representant og kommunen som planmyndigheit, at meklinga først skal bli gjennomført når det ligg føre eit politisk behandla planforslag, dvs. et forslag behandla av planutvalet i kommunen. Det følger av § 5-6 at meklinga normalt skal bli gjennomført før kommunestyret treffer planvedtaket. Rettleiaren tilseier at mekling berre unntaksvis bør skje etter at kommunestyrevedtaket er gjort.*

*Ved motsegn til kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, skal planen etter at vedtak i kommunestyret er gjort, sendes departementet til behandling dersom kommunestyret ikkje har teke omsyn til innsigelsene.*

Proessen med kommuneplanens arealdel i Skjåk har vore krevjande og gått over fleire år. Vedtak om oppstart av kommuneplanarbeidet (både samfunnsdelen og arealdelen), vart gjort allereie i november 2014. Det ligg ei heil rekkje forslag i planforslaget om arealutnytting som er avhengig av eit vedtak i kommuneplanen for å kunne bli gjennomført. Især vil ei ytterlegare utsetting vere kritisk for utvikling av nye område for næring, råstoffutvinning og fritids- og turistformål. Også for ein del punkter i planføresegene, vil det vere tenleg at kjem til vedtak no, t.d. forslag om areal- og tomteutnytting for bustadar og fritidsbustadar, føresegner for låge bygg (spikartelt) på campingplassar, føresegner knytt til fareområder for ras, skred og flaum og føresegner knytt til handtering av overvatn.

Plan- og bygningslova har ei opning for at kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa delar av planen, kan vedta kommuneplanen elles med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd. Det kan gjelde avgrensa delar av plankartet eller av føresegnene til planen. Dei område eller deler som det er fremma motsegn til, vert da skild ut for vidare behandling.

Dette kan vere ein mogeleg løysing her, da motsegna frå Statsforvaltaren for så vidt gjeld område som er geografisk klart avgrensa og føresegner som gjeld desse. Men løysinga vil da medføre at alle dei tre nye hytteområda i Billingsdalen som er omfatta av kommuneplanforslaget blir satt på vent. Saksbehandlar vurderer at kommunen uansett må ta ut nokon av dei hytteområda som er føreslege, om ein skal bli samde med Statsforvaltaren om ei løysing ved ei mekling. Samstundes er vurderinga at om ein ikkje kjem til einigheit, og saka eventuelt går til ei avgjerd i departementet, skal det mykje til at departementet set det faglege råda frå Statsforvaltaren knytt til villreinen til side og eventuelt gir kommunen medhald.

Saksbehandlar vil heller tilrå at kommunen vurderer verknadene ved redusere omfanget av hytteområde som blir ein del av planrevisjonen no, da ein reduksjon kanskje ikkje vil ha nokon praktisk verknad dei næraste åra.

Det er ein del ledige hyttetomter i Billingsdalen som ligg inne i allereie vedtekne reguleringsplanar.

I den delen av reguleringsplanen for Billingen hyttegrend som ligg nord for RV15, og som vart vedteken i 2009 er det regulert for 70 hyttetomter. Den vestre delen med samla byggeareal på 55940 m<sup>2</sup>, er opparbeidd med veg, vatn og avlaup, og det er bygd på 14 tomter. Ytterlegare 20 tomter er oppmålt og oppretta i matrikkelen i denne delen av feltet. Den austre delen med samla byggeareal på 89345 m<sup>2</sup>, er ikkje opparbeidd med infrastruktur. Legg ein tala frå reguleringsplanen til grunn skal det vere 56 ledige tomter her, og det verkar å vere realistisk i forhold til byggeareala i feltet. Grunneigar er Skjåk Almending.

Billingen hyttegrend ligg om lag 4 km aust for BF01 og BF02 i Måsåbakkan. I kommuneplanforslaget som var lagt ut til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn, var det teke inn føresegn om at det i områda BF01 og BF02 ikkje kunne delast frå tomter eller oppførast nye fritidsbustadar før det er bygd på 63 av tomtene i reguleringsplanen for Billingen hyttegrend i den delen av området som ligg nord for RV15. For å nå det talet, må allmenningen starte utbygging og opparbeiding av også den austre delen av feltet.

Saksbehandlar kan med bakgrunn i dette, ikkje sjå at det er tidskritisk, om BF01 og BF02 i Måsåbakkan, blir teke ut av ved denne revisjonen av kommuneplanen. Kommuneplanen kan dessutan bli teke opp til vurdering for revisjon i kvar kommunestyreperiode.

I nedre del av Billingsdalen, på Pollodden like sør for Pollfoss turisthotell ligg det også ein reguleringsplan for hyttetomter på allmenningsgrunn. Reguleringsplanen for Pollodden vart vedteken i 2002 og omfattar 14 hyttetomter. Det er ikkje frådelt tomter eller bygd hytter. Feltet er heller ikkje opparbeidd med planlagt infrastruktur som veg, vassforsyning og avlaup. Avstanden til BF01 og BF02 er 11,7 km.

På Grotli er det også ledige tomter i regulerte områder. I Grotli fritidsboligområde som ligg på begge sider av hotellet (reg. 2007), er der bygd på eller seld 50 av i alt 75 tomter. Det er ikkje att ledige tomter i dei regulerte områda Breidablikk (reg. 1988) og Grotli (reg. 1993).

I kommuneplanforslaget som var lagt ut til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn, var det teke inn føresegn om at det i områda BF03 ikkje kunne delast frå tomter eller oppførast nye fritidsbustadar før det er bygd på 68 av tomtene i reguleringsplanen for Grotli fritidsboligområde.

Den vestlege delen av Grotli fritidsboligområde, har dels mangla utbygging av infrastruktur med veg, vatn og avlaup. Arbeid med slik tilrettelegging vil no bli starta opp, og da er det venta at tomtesalet vil skyte fart. Truleg vil det vere att få ledige hyttetomter i Grotli-området om få år.

Grunnlaget for motsegna frå statsforvaltaren er den planlagde utbygginga av BF01, BF02 og BF03 samla og den moglege negativ påverknaden på villreinen dette vil kunne gi. Statsforvaltaren skriv at det samla presset mot villreinen i Grotli-området må reduserast vesentleg i høve til det som ligg inne i kommuneplanforslaget. Statsforvaltaren skriv at dette kan skje gjennom reduksjon i utbyggingsplanar i kommuneplanen, oppretthalde Breidablikk hytteområde med låg standard og/eller ytterlegare og bindande tiltak for redusert ferdsel inn i sårbare villreinområde i kritiske periodar.

Saksbehandlars vurdering er at dersom kommunen må ta ut noko av dei hytteområda som er føreslege i Billingsdalen, vil det ha mindre negativ verknadar for næringsutvikling og arbeidsplassar å ta ut felta i Måsåbakkan enn å ta ut F03 på Grotli. I midtre og nedre del av Billingsdalen vil det likevel vere god tilgang på ledige hyttetomter i mange år framover. Ein vil derfor tilrå å ta områda FB01 og FB02 ut av planforslaget ved planrevisjonen nå.

I tillegg vil kommunen aktivt støtte opp om dei tiltaka som er under arbeid for å kanalisere ferdsla vekk frå villreinområda, m.a.:

- Arbeide vidare for etablering ein samanhengande tur-/sykkelvegtraseen mellom Dønfoss og Uppnose. Traseen kan også bli nytta som trase for preparert skiløype om vinteren på strekningar der det er aktuelt, ma. gjeld det strekinga på nordsida av Ottavassdraget mellom Stuttgongen og Grotli. Traseen er lagt inn i kommuneplanforslaget.
- Etablering av ein trase for preparert skiløype på sørsida av Ottavassdraget mellom Nysætra - Stuttgongen og Grotli. Denne vil ta av frå Åsen rundt løypa om lag 1 km vest for Stuttgongen og går vestover fram til hyttefeltet sør for Grotli ved Måråe kraftverk. Traseen er om lag 6,2 km lang og går gjennom skogsområde innafor grensene for Breheimen nasjonalpark. Skjåk kommune vil arbeide saman med nasjonalparkforvaltninga og løypelaget for å finne ein trase som er eigna for preparering og som kan bli godkjent gjennom verneområdet. Traseen er lagt inn som framtidig turvegtrase i kommuneplanforslaget (samferdselslinje).
- Arbeide for å avgrense prepareringa av skiløyper innover Heilstuguvatnet med omsyn til villreinen, og erstatte dei med dei nye løypene som er nemnt punkta framfor. Kommuneplanen kan ikkje direkte sette forbod om oppkøyring av skiløyper i dette området. Det er spørsmål som blir behandla av forvaltningsmyndigheten for Breheimen nasjonalpark med bakgrunn i forvaltningsplanen for verneområdet. Skiløypene innover Heilstuguvatnet til Vassendtjønnin er da ikkje lagt inn som turvegtrasear i kommuneplanen.
- Arbeide aktivt saman med forvaltningsmynde og organisasjonar som DNT for opplysning og oppmoding til turgårar og skilauparane om å vise omsyn til villreinen ved marknadsføring av turar, i turguidar og på internett. Især sjå på moglegheiter for å få avgrensa toppturskiløpinga i viktige villreinområde på våren da reinen er spesielt sårbar for forstyringar .

*Plankontoret har drøfta ei slik løysing i eigen organisasjon og med Statsforvaltaren, og vil sende eit brev der vi ber om at dei stadfestar at dei trekk motsegna på eit slikt grunnlag.*

Motsegn ved 1. gongs høyring til manglande utgreiing av verknad/erstatning ved endra arealbruk KAB01 Marlo skule, av omsyn til barn og unge.

Statsforvaltaren hadde motsegn til manglande utgreiing av verknad/erstatning ved endra arealbruk KAB01 Marlo skule, av omsyn til barn og unge. Ein viste til Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (RPR BU) punkt 5 d. Statsforvaltaren viser til at det i den austre delen av det arealet som var føreslege til kombinert formål bustad/kontor/forretning, KAB01, er det ein ballbinge og bane for ballspel/leik. I planforslaget som no er på høyring er den delen som har ballbinge og bane for ballspel/leik blitt endra til Grønstruktur/-friområde. Statsforvaltaren skriv at dersom dette vert vedteke, er denne motsegna imøtekomme.

*Kommentar frå saksbehandlar:*

*Ein tek til etterretning at Statsforvaltaren ikkje lenger har motsegn til planen på dette punktet.*

Motsegn ved 1. gongs høyring til planføresegn kap. 4 bokstav d) i høyringsframlegget.

Statsforvaltaren hadde motsegn til planføresegn kap. 4 bokstav d), slik ho var formulert i høyringsframlegget. Denne føresegna omhandlar bygging av private tilkomstvegar til bustader, fritidsbustader mv., og kunne oppfattast slik at private tilkomstvegar kunne etablerast etter melding, og ikkje søknad eller reguleringsplan. Statsforvaltaren meinte at ei slik formulering ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til verdiar dei skal ivareta i planlegginga, og fremja motsegn til denne føresegna. Statsforvaltaren viser til at kommunen har no retta dette opp og presisert søknadsplikten etter plan- og bygningslova evt. også krav om utarbeiding av reguleringsplan. Dersom kommunen vedtek planen med slik endring, har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn på dette punktet.

*Kommentar frå saksbehandlar:*

*Ein tek til etterretning at Statsforvaltaren ikkje lenger har motsegn til planen på dette punktet.*

BFT01, fritids- og turistformål, Søre Heggebotn og Heggeli.

Statsforvaltaren viser til at området BFT01 er oppgitt å vere på totalt 114 daa og av dette er 32 daa registrert som jordbruksareal med ca. 7 daa overflatedyrka jord og ca. 25 daa innmarksbeite. I konsekvensutgreiinga står det at i samband med konsesjon for kjøp av eigedomen, var det i saksutgreiinga skrive at det ikkje er naturleg å tenke tradisjonell jordbruksproduksjon på eigedomen.

Statsforvaltaren peikar på at ei utbygging her vil føre til omdisponering av 32 dyrka jord (7 daa overflatedyrka og 25 daa innmarksbeite), og at dette er eit betydeleg omfang. Statsforvaltaren peikar på at kommunen er landbruksmyndigheit i tillegg til planmyndigheit, og har eit sjølvstendig ansvar i å sikre jordbruksareal og å avgrense omdisponering. Med bakgrunn i området si lokalisering, over 6 km frå næraste gardsbruk i drift, og avgrensa moglegheit for landbruksdrift av areala, vil ikkje Statsforvaltaren ut frå jordvernomsyn gå imot ei omdisponering. Statsforvaltaren skriv at omdisponeringa her må reknast inn i den totale omdisponeringa av dyrka jord som kommuneplanen legg opp til og den har eit vesentleg arealomfang.

Statsforvaltaren skriv vidare at framlegg til tiltak ikkje er i vesentleg konflikt med kjende miljøverninteresser som Statsforvaltaren skal ivareta i planlegginga. Ein vesentleg del av området består av innmarksbeite og overflatedyrka jord. Delar av desse areala kan vere naturtypar som er

kulturbetinga og utvikla gjennom t.d. beite og slått. Statsforvaltaren minner om saksbehandlingsprinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova, særleg § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Konkret ventar statsforvaltaren at kommunen gjer ei kvalifisert vurdering av potensialet for slike verdiar og evt. syter for ei kartlegging i forkant av ei regulering av området. Statsforvaltaren nemner også at særleg dei øvre delane av området er svært bratt, delvis med helling 1:2, og såleis lite eigna til utbygging. Ei utvikling av området må uansett gjennomførast på ein skånskom måte der m.a. landskapsomsyn bli sterkt vektlagt.

Statsforvaltaren viser til at nedre delar av området ligg i gul, delvis også raud støysone. Statsforvaltaren ventar at dette blir teke omsyn til i den vidare planlegginga.

Statsforvaltaren peikar også på at det ligg tre fritidsbustader innafor området, og skriv at kommunen bør sjekke om desse ser seg tent med endring av arealformål. Det går ikkje fram at det er gjort noko vurdering av dette i saka.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Ein tek med seg det Statsforvaltaren skriv med seg vidare inn i ein reguleringsprosess som må bli gjennomført for området.*

*Avgangen av jordbruksareal var vist i tillegget til planomtalen som følgja planforslaget som var utsend til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Total omdisponering av jordbruksareal i kommuneplanforslaget er da:*

Område	Fulldyrka areal Dekar	Innmarksbeite/ overflatedyrka Dekar
<i>BB02 Huldrehaugen</i>	50.3	
<i>BAS01 Flaumverk Bismo</i>	4.4	
<i>GSV01-GSV08 Gang- og sykkelveggar</i>	39.6	3.6
<i>BFT01 Søre Heggebotn og Heggeli</i>		31.7
<i>Sum:</i>	94.3	35.3

Areal for rigg, masselagring, knusing og evt. asfaltverk, Ånstad.

Statsforvaltaren skriv at etter det dei kan sjå er arealet ikkje lagt inn i arealplankartet med føremål råstoffutvinning, slik det er nemnt i KU. Statsforvaltaren reknar med at dette er ut frå administrasjonen si tilråding om utfordringar her, m.a. knytt til flaum. Statsforvaltaren viser til at asfaltverk er omfatta av kap. 24 i forureiningsføresegna, der det m.a. er krav om at mobile asfaltverk skal ha ein minimum avstand frå næraste busetnad eller naturområde på 200 m. Han minner også om at det er meldeplikt for slike tiltak.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Ein tek det Statsforvaltaren skriv til orientering.*

Nytt trasealternativ for omlegging av rv. 15 i Billingsdalen.

Statsforvaltaren viser til at arealet for føreslege vegomlegging, ikkje er konsekvensutgreidd og at det ikkje kan leggjast inn i plankartet. Han visar til at tiltaket m.a. medfører omdisponering av ca. 11 daa

dyrkbart areal. Statsforvaltaren viser til at området også ligg i området som er registrert som svært viktig naturtype, gammal granskog. Tiltaket vil og kunne ha verknad for støyforhold til nærliggande fritidsbustader og det bør vere krav om støyutgreiing og eventuelle avbøtande tiltak slik at retningslinene i T-1442/16 vert følgd. Statsforvaltaren viser til at dei har motteke saka som ein dispensasjon frå gjeldande kommuneplan og vil svare på den i eige brev. Statsforvaltaren vil påpeike at vegomleggingar av denne storleiken ikkje bør gå som dispensasjonssaker, men at det vert stilt krav om reguleringsplan.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Ein tek det Statsforvaltaren skriv til etterretning.*

*Da saka blir behandla som dispensasjonssak tek ein innteikninga av forslaget til vegomlegginga ut av kommuneplanforslaget.*

Kombinererte formål ved Skjøli.

Statsforvaltaren viser til at det etter første høyring, er gjort endring i enkelte område langs nedre del av Skjøli blant anna det området som var nemnt BN02. Statsforvaltaren viser til at området i det reviderte planforslaget er endra til arealbruksformål Kombinert bygnad og anlegg – noverande for kombinert bruk som massedeponi og som område for landbruk (skogbruk). Statsforvaltaren peikar på at i det i kommuneplan ikkje er mogleg å kombinere mellom hovudformåla. Dersom det er meininga at arealet skal verte skog, og det ikkje skal brukast som framtidig område for massedeponi er ikkje det kombinerte formålet det rette å bruke. Statsforvaltaren rår til at dei kombinasjonsområda som er vist i langs Skjøle, da heller vert lagt ut til LNFR-formål.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Ein tek det Statsforvaltaren skriv til etterretning og legg dei omtalte områda som LNFR i planen.*

Kombinert bygge og anleggsformål – bustader og fritidsbustader ved utløpet av Aura.

Statsforvaltaren peikar på at det på vestsida av Aura rette før utlaupet i Otta elv, ligg eit areal med kombinert formål bustader og fritidsbustader. Dei visar til at dei ikkje finn nokon føresegner for dette formålet, og at det dessutan ligg innafor faresone H310\_1 for skred og deler av området ligg også i faresone H320\_2 for flaum. Statsforvaltaren registrerer at området ligg inne i gjeldande plan og var med ved fyrste gongs høyring utan at dei fremma motsegn til det. Med bakgrunn i at området ligg i faresone for skred og flaum anbefaler Statsforvaltaren at området vert vurdert å ta ut og at det vert lagt ut til LNF-formål.

*Kommentarar frå saksbehandlar:*

*Området er vidareført som utbyggingsområde frå tidlegare kommuneplan. Det stor reserve av både bustadtomter og tomter for fritidsbustadar på Aurmoen. Skred og flaumfare tilseier også at det vil vere kostbart å sikre området dersom området skal byggast ut. Da det også ikkje er behov for tomter, vil ein forslå å ta det ut av planen.*

## **Vurdering**

Det sentrale for behandlinga av saka på dette stadiet i planprosessen har vore å få avklara dei motsegnene som var reist til kommuneplanforslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det var i alt reist 12 motsegner til planforslaget – 6 frå NVE og 6 frå Statsforvaltaren i Innlandet. Dei endringar som er gjort av planforslaget før 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, har medført at 11



av motsegnene no er trekt. Det står no at ei motsegn knytt til forslaga om nye utbyggingsområde for hyttebygging BF01, BF02 og BF03 i Billingsdalen. I saksutgreiinga framføre er det skissert forslag til planendringar for at også denne motsegna kan bli trekt tilbake.

Med føresetnad av at Statsforvaltaren trekk si motsegn knytt til dei nye hytteområda i Billingsdalen, vil kommunedirektøren tilrå at forslaget til kommuneplan for Skjåk 2021-2030 vert godkjent av kommunestyret, med dei endringar som er omtalt i saksutgreiinga over og som går fram av forslaget til vedtak.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vedtek Skjåk kommune revidert kommunedelplan for Skjåk, plan ID 05130038, med plankart og føresegner datert 03.06.2021. Vedtaket gjerast med føresetnad om at Statsforvaltaren trekk si motsegn knytt til hytteområde i Billingsdalen i samsvar med den løysing som er skissert i saksutgreiinga.

Planforslaget omfattar plankart, planføresegner, planomtaler, konsekvensutgreiingar, analysar av risiko- og sårbarheit (ROS) og notat med gjennomgang av motsegner og merknadar ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Samanlikna med framlegget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, er følgjande endringar innarbeidd:

På plankartet:

- Område BF01 og BF02 er teke ut av plankartet.
- Nytt trasealternativ for omlegging av rv. 15 i Billingsdalen ved Vuluvatnet er teke ut av planforslaget, da forslaget ikkje er konsekvensutgreidd og det samstundes skjer dispensasjonsbehandling av forslaget.
- Areal som var etablert som massedeponi ved opprydding etter flaumen i Skjøle hausten 2018, og som i framtida skal nyttast for landbruk – som i høyringsframlegget var vist som kombinerte bygge- og anleggsformål – er endra til arealbruksformål LNFR.
- Areal som var vidareført frå førre kommuneplan som kombinert byggeformål ved utlaupet av Aura, er lagt som LNFR i planen.

I planføresegnene:

- I kap. 3.2 er all tekst som gjaldt områda BF01 og BF02 teke ut.
- Nytt punkt i kap. 3.2: "Ved regulering og utbygging av BF03, skal vegtilkomst skje til eksisterande avkøyrslar til RV15"
- I kap. 10 i føresegnene som gjeld skilt og reklame første avsnitt, er teksten endra til: "Alle skilt og reklameinnretningar er søknadspliktige jf. plan- og bygningslovens § 93, og skal bli godkjend av kommunen før de blir satt opp. Skilt og reklame (frittstående og plassert på bygg) langs riks- og fylkesveg krev i tillegg løyve frå vegstyresmaktene, jf. vegloven."

**Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 57/2021 i møte den 10.06.2021:**

### **Behandling**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

## **Formannskap si behandling av sak 61/2021 i møte den 15.06.2021:**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

## **Kommunestyret si behandling av sak 59/2021 i møte den 24.06.2021:**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vedtek Skjåk kommune revidert kommunedelplan for Skjåk, plan ID 05130038, med plankart og føresegner datert 03.06.2021. Vedtaket gjerast med føresetnad om at Statsforvaltaren trekk si motsegn knytt til hytteområde i Billingsdalen i samsvar med den løysing som er skissert i saksutgreiinga.

Planforslaget omfattar plankart, planføresegner, planomtaler, konsekvensutgreiingar, analysar av risiko- og sårbarheit (ROS) og notat med gjennomgang av motsegner og merknadar ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Samanlikna med framlegget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, er følgjande endringar innarbeidd:

På plankartet:

- Område BF01 og BF02 er teke ut av plankartet.
- Nytt trasealternativ for omlegging av rv. 15 i Billingsdalen ved Vuluvatnet er teke ut av planforslaget, da forslaget ikkje er konsekvensutgreidd og det samstundes skjer dispensasjonsbehandling av forslaget.
- Areal som var etablert som massedeponi ved opprydding etter flaumen i Skjøle hausten 2018, og som i framtida skal nyttast for landbruk – som i høyringsframlegget var vist som kombinerte bygge- og anleggsformål – er endra til arealbruksformål LNFR.
- Areal som var vidareført frå førre kommuneplan som kombinert byggeformål ved utlaupet av Aura, er lagt som LNFR i planen.

I planføresegnene:

- I kap. 3.2 er all tekst som gjaldt områda BF01 og BF02 teke ut.
- Nytt punkt i kap. 3.2: "Ved regulering og utbygging av BF03, skal vegtilkomst skje til eksisterande avkøyrslar til RV15"
- kap. 10 i føresegnene som gjeld skilt og reklame første avsnitt, er teksten endra til: "Alle skilt og reklameinnretningar er søknadspliktige jf. plan- og bygningslovens § 93, og skal bli godkjend av kommunen før de blir satt opp. Skilt og reklame (frittstående og plassert på bygg) langs riks- og fylkesveg krev i tillegg løyve frå vegstyresmaktene, jf. vegloven."